



Mette Marei Træland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/402 - 15/14199

Saksbehandlar:

Camilla Smith-Strøm

camilla.smith-strom@meland.kommune.no

13.07.2015

Prosjektrapport - Digital tavle i barnehagen

10.02.2015 oppretta underteiknande ei prosjektplan for anskaffing- og innføring i bruk av digital tavle, i Marihøna barnehage. Prosjektet fikk namn **IKT- LØFT I MARIHØNA BARNEHAGE**. Prosjektbeskrivinga var som følgjar;

DIGITAL TAVLE I MARIHØNA BARNEHAGE:

Marihøna barnehage vil gå til anskaffing av ein digital tavle for pedagogisk arbeid med borna og endring- og utviklingsarbeid med personalet. Krava om Bruk av digitale verktøy og IKT i barnehagen er stadig meir uttalt. IKT bør integreras som ei naturleg del av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Variert bruk av ulike digitale verktøy saman med borna gir mange muligheter, både innafor leik, utforsking og læring.

Det vart søkt om og innvilga prosjektmidlar pålydande kr. 26 000, frå barnehagefagleg rådgjevar Mette Marei Trælands område. Midlane er enda ikkje overført til ansvar 201, Marihøna barnehage, men eg reknar med at dette vert gjort i løpet av høsten 2015.

I mars 2015 vart det montert en Promethean digital tavle i Marihøna barnehage. Tavla kom med berbar PC og hev/senk feste, slik at den kan justeras i høgde, når den vert nytta av borna. Totalpris: kr. 38618,-

Opplæring:

Underteiknande og pedagogisk leiar, Kristin M. Fiksdal deltok på kurs (3x3 timar) i bruk av Activboard, på Sagstad skule, våren 2015. I tillegg opplever vi å ha god oppfølging av pedagogisk leder i Scandec systemer as, Lars Persen.

I april hadde Kristin M. Fiksdal en enkel innføring i bruk av tavla, på eit personalmøte.

Det er planlagt og bestilt kurs for heile barnehagepersonalet , 14.09.2015. Dette vil bli ei innføring i bruk av tavla, samt opplæring i bruk av det pedagogiske verktøyet, Trampoline.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Implementering:

Den digitale tavla er mye i bruk i Marihøna barnehage. Den vert nytta både til endring- og utviklingsarbeidet med personalet og i det pedagogiske arbeidet med borna. Leiar nyttar tavla aktivt på alle møter med personalet.

Marihøna har nå fått IKT på vekeplanen. Kvar veke skal alle borna på stor avdeling ha nytta tavla i organiserte IKT aktivitetar. Vi opplever at dette er både kjekt og lærerikt for borna.

Fleire i personalgruppa er fortruleg med å nytta tavla saman med borna. Ein ser likevel eit behov for auka kompetanse i personalet. Dette både for å få med heile personalgruppa og for å utvide bruken av tavla. I dag ser vi at tavla vert mye brukt til arbeid innafor:

- Kunst og kreativitet
- Søking av informasjon, innafor ulike tema
- Film

Ved å opprette abonnement på Trampoline/Salaby ynskjer vi å utvikla bruken av tavla, til å gjelde alle fagområda i Rammeplan for barnehage. Abonnementet vert åpna i august. Barnehagen har prøvd ut programmet, gjennom prøveabonnement i 4 veker.

Konklusjon:

Marihøna barnehage opplever auka kvalitet innafor arbeid med IKT, både når det kjem til arbeid med personalgruppa og det pedagogisk arbeid med borna.

Vi jobbar vidare med implementeringa, slik at vi får nytte tavlas muligheiter, på ei god måte.

Med helsing

Camilla Smith-Strøm
leiar Marihøna barnehage

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ingvild Hjelmtveit
Per Inge Olsen

Mottakere:
Mette Marei Træland